

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Torsdag 27.mar 2025 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret (Sæ 21)
Opning:	Anders

Til stades: Leif Steinar Alfsvåg, Magne Andresen, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Runar Isdahl (2.vara) og Åslaug L. Nag (3.vara).

Andre til stades: Arild Steinsland (prost)

Forfall: Kirsti Angvik Frugård, Knut Johannes Gram, Dag Sele og Dag Kjetil Lægreid (1. vara)

SAKLISTE

2025/14- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

Sak til ymse: Kva ein tenkjer om lysene på glasmaleriene i kyrkja?

2025/15 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

2025/13 - Høyringsuttale ifm tilsetjing kyrkjelydspedagog (U.OFF)

Årsrapport 2024

2025/16 - 012 Ny prost i Sunnhordland

Soknerådet har invitert Arild Steinsland som er ny prost i Sunnhordland til møtet.

Me legg opp til ein open samtale der prosten kan dele tankar for arbeidet i prostiet og soknerådet kan dele tankar om arbeidet lokalt. Aktuelle tema er m.a. ungdomsår i prostiet, stillinga som spesialprest for ungdom/studentar på Stord mm.

Moment frå samtalen:

- *Info om gudstenesteforordning i Bjørgvin. Inga endring foreslått for Stord og Nysæter.*
- *Presentasjon om ungdomskultur og ungdomsår.*
- *Ungdom veks opp i ein kultur der dei opplever seg utilstrekklege. Det sekulariserte samfunnet forkynner idealet utan nåden. Vi som kyrkje forkynner både Jesus som idealet og nåden aleine – samtidig. Du er skapt i Guds bilete og elska av Gud. Treng ikkje streve etter å bli noe, men kan vere den du er skapt til.*
- *Etne skal ha «Ung skjærtorsdag» i 2025 – ei samling for unge voksne (20-30 år isj) for å treffe «gamle kjente». Nysæter har planar om ei gudsteneste utforma for og av unge vaksne. Prosten håpar å sjå fleire nye tiltak i prostiet ila ungdomsåra 2025 og 2026.*
- *Gode erfaringar med mini-leiarkurs (MILK) i Sveio. Krev direkte utfordring av aktuelle og tett oppfølging særleg i oppstarten av arbeidet.*
- *Soknerådet på Stord ser at det er fleire tiltak for ungdom på Stord, men ein del er ikkje direkte i regi av kyrkja. Treng kanskje å bruke ungdomsåra på å bevisstgjere kva som finst og kva som trengs. Lokalt er det ei ekstra utfordring for ungdomsarbeidet at mange reiser vekk og går på internatskule når dei startar på vidaregåande.*

Vedtak: Soknerådet tek orienteringa til vitande.

2025/17 - 421 Kyrkjelydshus for Stord sokn

Soknerådet får ei orientering om utviklinga i arbeidet med nytt kyrkjelydshus.

Vedtak: Soknerådet tek orienteringa til vitande.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2025/18 - 130 Årsrekneskap 2024

Årsrekneskapen for Stord sokn for 2024 er ferdig og oversendt revisor. Tala viser eit overskot på kr 72 790,- inkludert innkomne gåver til Cuba prosjektet på kr 56 850,-. Bankutskrift viser total verdi på kr 666 808,- pr 31.12.2024 og eigenkapital på kr 591 127,-.

Vedtak:

Stord sokneråd godkjenner rekneskapen for 2024 som framlagd. Driftsoverskotet for 2024 vert delt mellom bunde fond (56 850,- øyremerka Cuba hjelpeprosjektet) og ubunde fond (kr 15 940,-). Revisjonsberetning skal leggst fram for soknerådet når den føreligg.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest
 - a. Kyrkjemiddag på søndag
 - b. Salmar på Osvald neste fredag 4.april
 - c. Jazz-messe neste søndag 6.april
 - d. Veldigdighetskonsert til fasteaksjonen utgår, men lot seg nesten gjennomføre
 - e. Gode erfaringer fra møtehelg m/Per Arne Dahl. Godt oppmøte og gode tilbakemeldinger.
 - f. Nokre vakanser på kyrkjekontoret gir utfordring innan trusopplæring og administrasjon.
2. Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut
 - a. Vert arbeida aktivt med både økonomi og personal
 - b. Planlegg for utskifting av IT-løysinga og innfasing av felles system for Den norske kyrkja.
3. Oppdatering på arbeidet med hjelpesending til Cuba
 - a. Innsamlinga er til endes og det er planlagd lasting av container f.k. helg.
 - b. Veldig fornøgd og takksam for donerte gåver (ting og pengar) og all dugnadsinnsats!
4. Oppdatering på arbeidet med infoskjermer i kyrkja / på kyrkjekontoret
 - a. Skjermen i kyrkja er operativ og i bruk.
 - b. Skjermen på kyrkjekontoret er framleis ikkje hengd opp.
5. Innspel frå utvala

Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Kyrkjestova Fredheim 17.feb

Anders Dahl
soknerådsleiar og referent